
Vår referanse 2020/57782-2
Dato 03.11.2020

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser for fylkesvegnettet - høyring av rammeplan

Vestland fylkeskommune har utarbeidd ein rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser langs fylkesvegnettet. Rammeplanen skal vere ei rettleiing ved sakshandsaming av avkøyrsløknader og søknader om dispensasjon frå byggegrensa.

Vi sender med dette utkast til rammeplan på høyring til kommunane i Vestland fylke, Statens vegvesen og Fylkesmannen i Vestland.

Rammeplanen byggjer på tidlegare versjon av rammeplan som Statens vegvesen Region vest utarbeidde for riks- og fylkesvegar. Rammeplanar omhandlar normalt berre avkøyrslar, men i Region vest vart det i tillegg tatt med haldningsklassar for byggegrenser.

Ved opphøyr av sams vegadministrasjon, ser fylkeskommunen det som nødvendig med ein eigen rammeplan for fylkesvegane. Vi vil presisere at byggegrensena langs fylkesveg er 50 m, der anna ikkje er fastsett jf. veglova §29. Rammeplanen fastsett ikkje nye byggegrenser - den er ein rettleiar for korleis ein skal forhalde seg til søknader om dispensasjon frå gjeldande byggegrenser. Alle planlagde tiltak innanfor gjeldande byggegrenser må søke om dispensasjon.

Veglova §29 opnar for at fylkeskommunen for særskilt fastsett strekning kan sette byggegrensa til mindre avstand enn 50 m, likevel ikkje mindre enn 15 meter. Det vert vurdert om ein skal gjere slikt vedtak for aktuelle strekningar. Tidlegare praksis i Sogn og Fjordane, der ein la til grunn 15 m byggegrense i grøn og blå haldningsklasse, har ikkje lenger heimel, og må opphøyre. Vi ber om ei særskilt tilbakemelding frå kommunane på dette punktet.

Vegnettet er delt inn i fire haldningsklassar, symbolisert med kvar sin farge. Haldningsklassane er dei same over heile landet, og har følgjande inndeling:

1. *Meget streng holdning (raud)*
2. *Streng holdning (gul)*
3. *Mindre streng holdning (blå)*
4. *Lite streng holdning (grøn)*

I samband med revisjon av rammeplanen, er det vurdert at det er behov for endring av haldningsklasse for enkelte vegstrekningar. Strekningar der vi ønskjer å endre haldningsklasse, er lista opp nedanfor:

Kommune(r)	Vegnr.	Eks. haldningsklasse	Ny haldningsklasse	Merknad
Alver	Fv 5452	Grøn	Blå	Leknesvegen

	Fv 5486	Grøn	Blå	Toskavegen- Mangernesvegen
Askøy	Fv 5248	Grøn	Blå	Marikovvegen
Bergen	Fv 5174	Blå	Gul	Kokstadvegen
Bergen	Fv 5198		Gul	Sandalsringen- Sandalsbrekkevegen- Nye Sædalsveg
Bergen	Fv 5186		Gul	Steinsvikvegen
Bergen	Fv 5188		Gul	Nordåsvegen- Søråshøgda
Bergen	Fv 5354		Gul	Garnesvegen
Bergen	Fv 5180		Gul	Lilandsvegen
Bergen	Fv 5300	Grøn	Blå	
Bergen	Fv 587		Raud	Hardangervegen
Bjørnafjorden	Fv 5154	Gul	Blå	Strøno
Bremanger	Fv. 616	Gul	Blå	Gjeld del frå kryss fv. 614 mot Kalvåg
Gloppen	Fv. 5731	Gul	Blå	Gjeld del frå kryss Austreimsbakken mot Andenes
Gloppen	Fv. 5736	Blå	Grøn	Bygdavegen
Gulen	Fv. 605	Gul	Blå	Nordgulen-Eivindvik
Kinn	Fv. 615	Blå	Gul	Gjeld del av fv. 615 frå Storebru
Kinn	Fv. 618	Blå	Gul	Gjeld del av fv. 618 frå Eldevika
Kvam/Samnanger	Fv. 49	Gul	Raud	Frøland-Steinsdalen
Sogndal	Fv. 55	Raud	Gul	Gjeld del frå Sogndal til kommunegrense Luster
Sogndal/Sunnfjord	Fv. 613	Gul	Blå	Nasjonal turistveg Gaularfjellet
Stad	Fv. 5747	Blå	Grøn	Gjeld frå kryss Harpefossen mot Stårheim
Stad	Fv. 5742	Blå	Grøn	Panoramavegen
Stryn	Fv. 258	Gul	Blå	Gml. Strynefjellsvegen
Sunnfjord	Fv. 610	Gul	Blå	Gjeld del frå kryss E39 mot sentrum
Sunnfjord	Fv. 423	Gul	Blå	Til Førde lufthamn Bringeland
Øygarden	Fv 5240	Grøn	Blå	
Øygarden	Fv. 5220	Grøn	Blå	Forlandsvegen

Kartløyning for høyringsutgåve av rammeplanen finn de her: [Kartløyning haldningsklassar - høyringsversjon](#). I kartet vert vegnettet vist med inndeling i haldningsklassar. Det går og fram kva strekningar som vert føreslegne å få endra haldningsklasse.

Om de ønskjer å samanlikne med eksisterande inndeling i haldningsklasse, så finn de denne her: [Haldningsklassar](#)

Vi ber om innspel til revidert rammeplan for fylkesvegnettet innan 20. desember 2020.

Med helsing

John Martin Jacobsen
seksjonssjef

Carl Erik Nielsen
Leiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Rammeplan for fylkesvegar - høyringsversjon

Mottakarliste			
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Sætre marka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
FYLKESMANNEN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	August Gunnarskogsgt. 1	6993	HØYANGER
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Hatland	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune		6924	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tynesnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	DALEKVAM
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN